

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

E. KJØPMANNSGATA

[887] N-205499. (Tidlegare omtala i NOR 1995: 15.)

Innskrifta står på eit spinnhjul av bly. Største diameter er 21 mm, minste diameter (identisk med storleiken på holet gjennom gjenstanden) er 7 mm. Funnet vart gjort 1994, felt 93/2 6388 med metalldetektor i avfallslag og er såleis vanskeleg å datere arkeologisk. Det er runer langs den koniske sida av hjulet. Innskrifta er ca. 19 mm lang og runene er ca. 10 mm høge. R.

1 er gjort med eit breitt, relativt grunt riss, men runa har tydeleg form som **l**. Deretter følger eit litt lengre tynt riss, litt framoverbøyd i nedre del. Jamvel om risset er talt som r. 2 her, er det grunn til å ta alle atterhald i spørsmålet om dette er del av innskrifta eller ei. Overflata i metallet er litt forvittra i øvre kant av staven på r. 3. Elles er denne godt bevart. Kvistar ned til grunnlina på både sider gjer at vi sikkert må lesa dette som **y**. R. 3 har stav og tydeleg boge som på ein speglvend **p**. På motsett side av staven er det svakare spor av tilsvarande boge litt lågare på staven. På både sider finst fleire svake riss frå boge og ned til grunnlina, slik at svake omriss også av **r** kan skimtast på både sider av staven. Teiknet er vanskeleg å tolka. Den delen som har prominens, er likevel den speglvende **p**-en. Resten av strekane har ein karakter som kan tyda på at dei helst er sekundære eller tilfellelege. R. 5 har delvis bevart stav med kvist frå midten og ned til venstre. Øvre del av staven har eit svakt parallellsnitt. truleg **a**. R. 6 har stav med to nesten parallelle kvistar frå om lag midten og ned til venstre. Sikker form som **o**. R. 7 har litt skråstilt stav og kvist frå midten og ned til venstre. Kvisten på r. 7 er lengre enn den på r. 5. Runa har sikker form som **a**.

┆ ? ʌ ɔ ʌ ʌ ʌ

l ? y ɔ a o a

???

Denne sekvensen med runer på eit spinnhjul synest ikkje å kunna gi språkleg meining anten vi les **l(?)ypaoa** eller **l(?)yraoa** eller eventuelt set inn andre verdiar for r. 2. Om bruken av runer på denne måten har hatt nokon funksjon eller føremål, kan vi berre gissa om i dag. Slik innskrifta står, ber ho helst preg av å vera tilfelleleg krot av nokon som har vore kjend med runeformer men som ikkje eigentleg har vore skriftkunnig.